

## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 22.11.2017

**Sak nr.:** 17/8675-3

**Internt l.nr.:** 44672/17

**Sak:** 111/17

**Tittel:** Innspel til jordbruksforhandlingane 2018

**Behandling:**

**Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudinnspel til jordbruksforhandlingane 2018 er at jordbruksoppgjæret må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane:
  - a. Det må leggjast til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar.
  - b. Det trengst verkemiddel og betre ordningar for å skape balanse mellom tilbod (produksjon) og etterspørsel (marknad).
  - c. Det er trong for større handlingsrom for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling).
  - d. Det er trong for verkemiddel for å stimulera til meir beiting i utmark.
  - e. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane, som t.d. dei fyrste 16 kyrne, dei fyrste 100 sauene mv.
  - f. Overproduksjon av sauekjøt er ei utfordring, og ein må vri deler av lammetilskotet over på utmarksbeitetilskot. Dette vil styrke sauehaldet i dei områda ein nyttar utmarksbeite, noko sauene er suverene på, og det vil truleg vere med på å redusere overproduksjonen.
  - g. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr.
  - h. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill.kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kysr fjøs.
  - i. Det er trong for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35% av godkjende kostnader).
  - j. Det er trong for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
  - k. Det er trong for ekstra stimuli for å få økologisk frukt fram til marknaden.
3. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.

**Endringsframlegg:**

**Høgre** sette fram slikt framlegg til endring i tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur: Stryke 2b og 2k, då desse verkemidla allereie er tilgjengelege. Fjerne t.d. i 2e.

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til nytt punkt under punkt 2: Fylkesutvalet vil peike på at det må skiljast på dyrking av grunn myr og djup myr i det vidare arbeidet med oppfølging av landbruksmeldinga.

**Avrøysting:**

Bjørn Erik Hollevik røysta for framlegget frå Høgre, som dermed vart forkasta.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur, med vedteken endring som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudinnspel til jordbruksforhandlingane 2018 er at jordbruksoppgjæret må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane:
  - a. Det må leggjast til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar.
  - b. Det trengst verkemiddel og betre ordningar for å skape balanse mellom tilbod (produksjon) og etterspørsel (marknad).
  - c. Det er trong for større handlingsrom for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling).
  - d. Det er trong for verkemiddel for å stimulera til meir beiting i utmark.
  - e. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane, som t.d. dei fyrste 16 kyrne, dei fyrste 100 sauene mv.
  - f. Overproduksjon av sauekjøt er ei utfordring, og ein må vri deler av lammetilskotet over på utmarksbeitetilskot. Dette vil styrke sauehaldet i dei områda ein nyttar utmarksbeite, noko sauene er suverene på, og det vil truleg vere med på å redusere overproduksjonen.
  - g. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr.
  - h. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill.kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kyrs fjøs.
  - i. Det er trong for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35% av godkjende kostnader).
  - j. Det er trong for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
  - k. Det er trong for ekstra stimuli for å få økologisk frukt fram til marknaden.
  - l. Fylkesutvalet vil peike på at det må skiljast på dyrking av grunn myr og djup myr i det vidare arbeidet med oppfølging av landbruksmeldinga.
3. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.